

Saksbehandlar: Anna Kristine Gytri, Inge Horstad, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 19/690-1

## Kollektiv - Rabatt for lærlingar

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:**

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Lærlingar vert ikkje inkludert i studentrabatten i Sogn og Fjordane i 2019.
2. Rabatt for lærlingar blir ein del av arbeidet med harmonisering av takstar og rabattar i nye Vestland fylkeskommune.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Saka gjer greie for dagens ordning med elev/studentrabatt i Sogn og Fjordane, og synleggjer forskjellane mellom Sogn og Fjordane og Hordaland, samt dei andre fylka. Oversikta i pkt. 3.6 viser at det er store forskjellar i kva rabatt studentar og lærlingar får i ulike fylke.

Lærlingar får delvis løn i læretida, og er ikkje inkludert i det nasjonale minstekravet om rabatt til elevar og studentar. Minstekravet er at elevar/studentar skal ha 40% rabatt på periodekort.

Saka viser vidare at 55% av lærlingane kan nytte ungdomskortet, og såleis reise fritt i Sogn og Fjordane for 365 kr. per måned.

Kostnadane ved å inkludere lærlingar i dagens elev/studentrabatt i Sogn og Fjordane er rekna å vere ca. 700.000 kr. per år. Kostnaden ved ei delvis ordning (berre rabatt på periodekort) er rekna å bli monaleg mindre, til rundt 50.000 kr. per år. Rabatt på periodekort vert i dag brukt av få elevar/studentar, og er difor venta å nå få brukarar også blant lærlingane.

Ut frå dette vert det tilrådd å fryse dagens ordning og ta opp att spørsmålet om rabatt for lærlingar i arbeidet som skal gjerast med takst- og rabattsystem i nye Vestland fylkeskommune.

### 2. Bakgrunn for saka

I møte 12. juni 2018 handsama fylkestinget Elev- og lærlingombodet si årsmelding for skuleåret 2017/2018. I årsmeldinga vert det vist til at ei av utfordringane framover er:

*«Rabatt på kollektivtransport også for lærlingar. Lærlingar er under vidaregåande opplæring og føler det urettvist at dei ikkje får reduksjon på kollektivtransport slik som elevane får. Løna til lærlingar er som kjent ikkje høg. Rabattordning på kollektivtransport er ei problemstilling som mange lærlingar og foreldre er opptekne av, og som går igjen år etter år. Ombodet har fått 19 henvendelsar om dette inneverande skuleår, mot 13 i fjor.»*

I fylkestingsak 17/18 vart det gjort følgjande vedtak:

«Fylkestinget ber om ei sak til budsjetthandsaminga på fylkestinget i desember 2018 der vi får utgreia første punkt under "Utfordringar framover" i årsmeldinga til Elev - og lærlingombodet: "Rabatt på kollektivtransport også for lærlingar".»

### **3. Fakta/kunnskap**

#### **3.1 Kva er ein lærling**

Ein lærling får opplæring i eit fag som leiar fram til eit bestemt yrke. Ein lærling er ein framtidig fagarbeidar under utdanning. Lærlingar får delvis løn i læretida, i motsetnad til elevar og studentar. Jf. pkt. 3.2 for detaljar. Sjå elles Opplæringslova § 4.1 for definisjon av lærling.

Hovudmodellen for lærlingar er to år i vidaregåande skule, så to år i lære i ei godkjent lærebedrift. I læretida har lærlingane same arbeidstid og same rett til ferie og fri som andre arbeidstakarar i bedrifta. Lærlingar har lovbestemt rett til fire veker ferie per år. Nokre har rett på lengre ferie ifølgje tariffavtale. Etter læretida går dei opp til fagprøve for å få fagbrev.

Lærlingar er ikkje definert som elevar i Opplæringslova, og har difor ikkje rett på skyss til lærestad. Lærlingar kan likevel ha rett på skyss til skulen, dersom dei har teori. Det er heller ikkje nasjonale krav til rabatt for lærlingar, slik det er for elevar og studentar, jf. pkt. 3.3.

Ifølgje tal frå SSB var det hausten 2017 1256 lærlingkontraktar i fylket. Jf. <https://www.ssb.no/statbank/table/05376/tableViewLayout1/>

#### **3.2 Lønsvilkår for lærlingar**

I motsetnad til elevar og studentar får lærlingar løn under utdanninga. Løna er ein prosentdel av byrjarløna til ein arbeidar med fagbrev i det yrket lærlingen tek utdanning i. Løna stig utover i læretida etter følgjande hovudregel:

- 1. halvår: 30 prosent av byrjarlønn
- 2. halvår: 40 prosent av byrjarlønn
- 3. halvår: 50 prosent av byrjarlønn
- 4. halvår: 80 prosent av byrjarlønn.

Løna varierer etter kva fag ein er lærling i, om ein er organisert og om lærebedrifta følgjer gjeldande tariffavtale. Lærlingar må skatte av løna. Dei har også krav på feriepengar.

I t.d. kommunane har ein fagarbeidar 338.800 kr. i byrjarlønn. Dette vil svare til utbetaling gjennom læretida slik:

- 1. halvår: 8.470,- før skatt per måned
- 2. halvår: 11.293,- før skatt per måned
- 3. halvår: 14.117,- før skatt per måned
- 4. halvår: 22.587,- før skatt per måned

#### **3.3 Føringar frå staten**

Staten har eit overordna ansvar for transportpolitikken, og har m.a. fastsett nokre minstekrav til ulike rabattordningar. Minstekrava til rabattordning for elev/student er skildra slik:

##### ***«Skoleelever og studenter***

*Rabattordningen for skoleelever og studenter skal bidra til å gjøre kollektivtransport mer attraktiv for ungdom for dermed å skape gode reisevaner for denne målgruppen for fremtiden. Ordningen har derfor en ungdomsprofil.*

*Den statlige bevilgningen til denne ordningen skal dekke 40 prosent rabatt på periodekort for skoleelever og studenter under 30 år. Rabatten gjelder på kollektivtransport som mottar fylkeskommunalt tilskudd og NSB mot fremvisning av legitimasjon. Det vil ellers være variasjoner mellom fylkene med hensyn til hvorvidt deltidsstudenter gis rabatt og i hvilken grad ordningen tilbys skoleelever/studenter over 30 år eller som befinner seg på andre steder enn studiestedet.*

*Med skoleelever og studenter menes elever og studenter som har studier på fagskole-, høyskole- og universitetsnivå som hovedbeskjeftigelse, og som ikke mottar lønn i forbindelse med studiene. Lærestedet skal være offentlig godkjent.*

For elever i videregående skole vil gratis skoleskyss og ordningen med ungdomskort fange opp de daglige reiser til/fra undervisningsstedet.» Jf. <https://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/kollektivtransport/lokal-kollektivtransport/id426187/>

Sogn og Fjordane og Hordaland gir rabatt til elevar og studentar utover minstekrava gitt frå staten, sjå pkt. 3.4 og 3.5.

### **3.4 Gjeldande rabattordning for elev/student i Sogn og Fjordane, som ikkje gjeld for lærlingar**

Passasjerar som oppfyller kravet sett i kategorien «skulelev/student» får 25% rabatt på enkeltbilletter og 40% rabatt på periodekort i Sogn og Fjordane. Rabatten blir gitt på fylkesinterne reiser med buss og båt.

På fylkeskommunale ferjeruter nyttar vi det nasjonale riksregulativet. Dette seier at studentar ikkje har rett på rabatterte enkeltreiser, men får rabatt på månadskort.

Per januar 2019 er dette definisjonen av passasjerkategoriene elev/student i Sogn og Fjordane:

<b>Skuleelev og student</b>	Elevar i grunn- og vidaregåande skule. Heiltidsstudent ved høgskule eller universitet frå fylte 19 år til og med månaden ein fyller 30 år. Vaksne framandspråklege under 30 år som får opplæring i norsk og samfunnskunnskap i minst ti timar i veka i meir enn tre månader, eller flyktningar under 30 år som er i introduksjonsprogrammet.
-----------------------------	---

Ordninga gjeld altså ikkje for lærlingar.

### **3.5 Gjeldande rabattordning for studentar og lærlingar i Hordaland**

I Hordaland får studentar, inkl. lærlingar, per januar 2019 40% rabatt på periodebilletter på buss, Bybanen og Askøyruta. Skyss har følgjande definisjon for student:

#### **«Kven gjeld studentrabatten for?»**

- Heiltidsstudentar ved vidaregåande skule, fagskule, høgskule eller universitet og andre læreinstitusjonar som kvalifiserer til støtte frå Lånekassen, inkludert norske utanlandsstudentar
- Studentar til og med fylt 32 år. Fra den dagen du fyller 33 år, gjeld ikkje studentrabatt meir. Då må du ha vaksenbillett.
- Studiet må vare minst tre månader, og for høgare utdanning skal studiet utgjere 30 studiepoeng eller meir per semester. I vidaregåande opplæring skal studiebelastninga tilsvare eit årskurs
- Lærlingar og læreandidatar på heiltid som følgjer krava i Lov om opplæring, kap. 4 (vår utheving).
- Framandspråklege som tek kurset «Norsk med samfunnskunnskap»

### **3.6 Rabattordningar for lærlingar i andre fylke**

I fylka der lærlingar får rabatt på kollektivreiser, blir dei rekna inn under passasjerkategoriene «student».

Kollektivbransjen (offentlege og kommersielle ruter) har ingen felles standard for kven som inngår i kategorien «student». Dei offentlege rutene må halde seg til dei statlege minimumskrava, medan kommersielle aktørar ikkje treng halde seg til desse. Alle aktørar har høve til å gi betre ordningar om dei ønskjer det.

I Sogn og Fjordane inngår ein del kommersielle ruter som del av det totale kollektivtilbodet. Desse blir i stor grad køyrde av Nettbuss og NOR-WAY Bussekspress. Medan Nettbuss har kutta ut studentkategorien, har NOR-WAY i sin studentdefinisjon ikkje inkl. lærlingar.

På fylkesinterne reiser i Sogn og Fjordane er Nettbuss og NOR-WAY forplikta til å gi rabatt etter vilkår sett av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Som ein ser av tabellen har fylka med flest reisande, Oslo og Akershus, Rogaland og Hordaland, inkl. lærlingar i studentkategorien, og gir rabatt. Av desse er det berre Rogaland som gir rabatt til studentar også på enkeltbilletter, då med 50% rabatt.

Rabattordningar for studentar:

Fylke	Rabatt på periodekort	Rabatt på enkeltbillett	Lærling inkl. i studentkategori	Detaljar
<b>Sogn og Fjordane</b>	Ja, 40%	Ja, 25%	Nei	
<b>Finnmark</b>	Nei*	Nei	Nei	*Eige periodekort for ungdom 12-19 år, gjeld i tillegg studentar ved høgskule/universitet. 264 kr, gir fri reise i fylket i 30 dagar.
<b>Troms</b>	Nei	Nei	Har ikkje studentkategori	Rabattordningar ut frå alder, UngVoksen-kort gjeld frå 20-29 år.
<b>Nordland</b>	Ja, 40%	Ja*	Ja	*Gradvis rabatt frå sone 2, 50% rabatt frå sone 4
<b>Trøndelag</b>	Ja, 40%	Ja, *	Ja, gjeld berre periodekort	*Elevar og studentar får 50% rabatt på enkeltbillett ved reise i fire eller fleire soner (enkeltbilletterabatt gjeld ikkje lærling)
<b>Møre og Romsdal</b>	Ja, 40%	Ja, 50%*	Nei	* 50% gjeld frå og med 12 soner ein veg
<b>Hordaland</b>	Ja, 40%*	Nei	Ja	* 40 på periodekort på buss, Bybanen og Askøyruta
<b>Rogaland</b>	Ja, 50%	Ja, 50%	Ja	
<b>Agder</b>	Eige studentkort*	Nei	Ja, gjeld eige studentkort*	* Eige studentkort er gyldig for reiser i enten Kristiansand eller Grimstad kommune.   Har også periodekort UngVoksen 20-29 år.
<b>Vestfold</b>	Nei	Nei	Har ikkje studentkategori	Rabattordningar ut frå alder, UngVoksen-kort gjeld frå 20-29 år.
<b>Østfold</b>	Ja, 50 %	Nei	Ja	Periodebillettane gjeld for heile Østfold
<b>Oppland</b>	Nei*	Ja, avhengig av betalingsmiddel	Nei	*På periodebillettar nyttast kategorien UngVoksen 20-29 år.
<b>Hedmark</b>	Nei	Nei	Har ikkje studentkategori	Rabattordningar ut frå alder, UngVoksen-kort gjeld frå 20-29 år.
<b>Buskerud</b>	Ja, 40%	Nei	Ja	
<b>Oslo og Akershus (Ruter)</b>	Ja, 40%	Nei	Ja	Kategorien student får rabatterte 30-dagarsbillett
<b>Telemark</b>	Ja, *	Nei	Ja	*Student frå kjøpe periodebillett til 300 kr, pris for vaksen er 400 kr.

### **3.7 Ungdomsbillett/ungdomskort**

Nasjonale føringar krev at fylkeskommunane tilbyr eit såkalla ungdomskort til ungdom frå 16 år til og med 19 år. Dette skal gi rett på eit uavgrensa tal reiser i fylket, med normal varigheit på ein månad. Fylkeskommunane har høve til å gi betre ordningar enn minimumskravet.

Også når det gjeld ungdomskort, er det forskjellar mellom Sogn og Fjordane og Hordaland.

I Hordaland gjeld Ungdomsbilletten for ungdom frå og med 16 år til og med den dagen dei fyller 21 år. Med ungdomsbilletten kan ein reise så mykje ein vil i heile Hordaland for kr 365,- per 30-dagarsperiode. I følgje SSB-tal frå 2017 var 3143 av 4658 lærlingar i Hordaland under 21 år, og kunne såleis nytte ungdomsbilletten. Dette svarar til 67% av lærlingane.

I Sogn og Fjordane gjeld ungdomskortet frå 16 år til og med den dagen ein fyller 20 år. Prisen for ungdomskortet vårt er lik som i Hordaland, kr 365,- for ein 30-dagarsperiode, og ein kan reise så mykje ein vil i fylket. Ifølgje SSB-tal frå 2017 var 698 av 1256 lærlingar i Sogn og Fjordane under

20 år, og kunne såleis nytte ungdomskortet. Det svarar til 55% av lærlingane. Dersom ein hadde utvida ungdomskortordninga vår tilsvarande ordninga i Hordaland, kunne 73% av lærlingane våre nytta det.

#### **Periodekort:**

Fordi takstane i dei to fylka er så ulike, der Hordaland har soner og Sogn og Fjordane kilometerpris, er det vanskeleg å samanlikne prisane på periodebillettar for studentar i dei to fylka. Vi nemner likevel nokre døme:

- Ein 30-dagarsbillett for student i Hordaland kostar 460 kr. for ein sone, medan ein 30-dagarsbillett for to soner kostar 690 kr. Ein 30-dagarsbillett for tre til sju sonar kostar 1150 kr.
- Det billegaste periodekortet for student i Sogn og Fjordane kostar 370 kr. og gjeld for ei reisestrekning på 0 til 3 kilometer. Vidare kostar eit 30-dagars periodekort 630 kr. for ei strekning på 18-21 kilometer, medan prisen for periodekort student på ei reisestrekning mellom 57 og 60 kilometer er 1200 kr.

Periodekorta i Hordaland gir den reisande høve til å reise fritt innafor ei sona/sonene, medan eit periodekort i Sogn og Fjordane er bunde til ei fast strekning.

## **4. Økonomi**

### **4.1 Kostnader ved dagens studentrabatt i Sogn og Fjordane**

Tal frå Høgskulen på Vestlandet (per 1.1.2017) og SSB (per 1.10.2017) viser at det til saman er kring 8440\* elevar og studentar i fylket, vel halvparten i kvar gruppe.

Det samla inntektsbortfallet grunna elev/studentrabatt i fylket for 2018 var 6.723.350 kr.

Tala nedanfor syner tydeleg at det blant elevar og studentar i Sogn og Fjordane er rabatten på enkeltbillettar som er størst verdsett, og som blir mest nytta.

Fordelinga på ulike billettprodukt er slik:

#### **Rabatt på enkeltbillettar (25%):**

I 2018 var det 174.179 reiser på enkeltbillett med studentrabatt på fylkeskommunale bussar og båtar, samt kommersielle bussar i Sogn og Fjordane. Samla betalte dei kr. 16.119.232 kroner. Fullpris for desse reisene ville vore 22.526.181 kr. Rabatt på enkeltbillettar utgjorde såleis 6.406.949 kr.

#### **Rabatt på periodekort (40%):**

Tala for periodekort student viser at det i 2018 vart fylt på 782 gonger, til ein samla pris på 483.795 kr. Rabatten utgjorde samla 316.401 kr.

Til saman var det 222 ulike periodekort for studentar i bruk. Gitt at ingen har fleire periodekort, viser dette at under 3 prosent av elevar/studentar nyttar seg av rabatt periodekort. Merk at ein i dette talet ikkje har teke høgde for at ein del studentar er over 30 år, og såleis ikkje får studentrabatt på kollektivreiser i Sogn og Fjordane. Talet inkluderer heller ikkje gruppa med dei som tek norsk med samfunnskunnskap eller er i introduksjonsprogrammet.

### **4.2 Forventa kostnader knytt til rabattordning**

Med utgangspunkt i ein snittkostnad per passasjer med rett til studentrabatt i dag, vil kostnaden ved å inkludere lærlingar fullt ut i ordninga kome på rundt 1.000.000 kr. Sidan lågare pris er venta å gi passasjervekst, legg vi til grunn eit inntektsbortfall på om lag 700.000 kr. per år.

Dersom vi vel å avgrense det ved at lærlingar berre får 40% studentrabatt på periodekort, vil ordninga koste monaleg mindre enn ved rabatt på både periode- og enkeltbillettar. Dersom ein tek utgangspunkt i korleis elevar/studentar per no nyttar periodekortrabatten, kan ein rekne med at kostnaden vil ligge på om lag 50.000 kr.

Det er fleire usikre faktorar knytt til kostnaden ved å innføre berre periodekortrabatt. Det er t.d. uvisst om lærlingane i større grad vil nytte seg av periodekort enn elevar/studentar elles, både fordi dei ikkje får rabatt på enkeltbillett, men også med tanke på omfang av pendling, høvelege rutetider som passar til arbeidstid i lærebedrift etc. Vi må difor presisere at kostnadane ved ei ordning med berre rabatterte periodebillettar er svært usikre.

## **5. Vurderingar**

Økonomisk sett er lærlingar ein stad midt mellom ein student og ein som er i fullt lønna arbeid. Dei to åra dei går i lære, får dei i snitt halv lønn. I utgangspunktet har dei difor ikkje like stort behov for rabatterte reiser som studentar, men står samtidig svakare enn ordinære lønstakarar.

Det finst ingen eigen rabattkategori for lærlingar i dei nasjonale føringane. I dei fylka der lærlingar får rabatt, er det som del av kategorien student. Det vanlegaste er at lærlingar får rabatt på periodebilletter, jf. pkt. 3.6. Dersom lærlingar blir tekne inn under kategorien «student» i Sogn og Fjordane, vil dei få rabatt både på periodekort og på enkeltbilletter, jf. pkt. 3.4.

Det vil vere mogleg å innføre ei ordning der lærlingar og elevar/studentar får ulik rabatt. Dette er gjort i Trøndelag, der begge grupper får rabatt på periodekort, medan elevar/studentar i tillegg får 50% rabatt på enkeltbilletter (ved reiser i fire eller fleire soner). Tal selde periodekort i kategorien student i Sogn og Fjordane, tyder på at ei ordning med berre periodekortrabatt vil treffe få lærlingar.

Fylkesrådmannen rår frå ei slik halvvegs løysing, då det kompliserer både takstsystemet og den praktiske bruken, både for lærlingar og billettørane. I tillegg vil det vere vanskeleg å innføre ei slik ordning før 2020, sidan det er mange partar som er involverte i utføringa av billetteringa.

Sogn og Fjordane gir per i dag betre rabattar til elevar/studentar enn Hordaland, då elevar og studentar også får rabatt på enkeltbilletter. Denne rabatten er spesielt viktig i eit område som Sogn og Fjordane, då det er mange vekependlande elevar/studentar som reiser heim i helgane. Tal selde rabatterte enkeltbilletter syner tydeleg at det er denne delen av elev/studentrabatten som i hovudsak blir nytta i Sogn og Fjordane.

Det må gjerast eit omfattande arbeid for å harmonisere takstar og rabattar i samband med samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland. Planen er å sette i gang arbeid med nytt takst- og rabattsystem i 2019, inkl. tidspunkt for implementering. Definisjonar av passasjerkategoriar vil bli del av dette. Fylkesrådmannen vurderer det slik at spørsmålet om betre ordningar for lærlingar vert vurdert som ein del av dette arbeidet.

Eventuelle endringar som blir gjort i rabattordninga for lærlingar no, vil kunne bli endra i samband med fylkessamanslåinga. Endringar tett etter kvarandre vil kunne slå negativt ut i form av misforståingar om kva ordningar som gjeld, både hos billettørar og passasjerar.

## **6. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at takst og rabatt vert vidareført. Tilrådinga er vidare at spørsmål knytt til rabatt for lærlingar vert spelt inn som ein del av arbeidet som skal gjerast med harmonisering av takstar og rabattar i nye Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen seier seg lei for at det ikkje har vore mogleg ei sak som belyser dette temaet på eit noko tidlegare tidspunkt. Jf. FT sitt vedtak i sak 17/18.